

Korleis kan ein rektor /skoleleiinga forebygge krenking både frå dei vaksne og elev/elev?

Det viktigaste tipset er å setje av nok tid og bruke innføringa av ny opplæringslov til å sjå nytt på- og jobbe med problemstillinga. Under har vi foreslått nokre spørsmål det kan vere greitt å stille seg i arbeidet med å få ei felles forståing i dette arbeidet:

- Kva er ei krenking mellom elevar?
- I kva situasjonar kan vi gripe inn for å avverje at situasjonen eskalerer? Korleis?
- Kva er ei krenking frå vaksne?
- Korleis sett me grensar og grip inn ovanfor elevar på ein måte som ligg innafør omsorgs- og oppdragaransvaret til skulen?
- Kva type inngripen eller grensesetjing vil liggje utanfor dette ansvaret?
- Er det spesielle situasjonar i løpet av skuledagen der det er auka risiko for at det skjer krenkingar? Til dømes uoversiktlige overgangssituasjonar.
- Er det spesielle stader på skulens område kor det skjer krenkingar? Kva kan vi i så fall gjere med dette?
- Er det elevar som er spesielt utsette for oppleve krenkingar/utsette andre for krenkingar? Korleis kan me i så fall bruke denne informasjonen i forebyggingsarbeidet?

Vi referera til UDIR sine ressursider for skulemiljø, som har mykje materiale og gode tips til korleis ein skal skape eit inkluderande læringsmiljø som bidrar til å førebyggje krenkingar. Det er og mogleg å søke om midlar til skulemiljøteam i inneverande skuleår for å arbeide direkte opp mot dette.

UDIR: [Fremme et trygt og godt skolemiljø og forebygge krenkelser](#)

UDIR: [Tilskudd til skolemiljøteam](#)

Når ei hendig har oppstått kva er gode strategiar for å behandle hendinga på ein klok måte?

Her må ein gjere fleire ting samtidig. Under skriv vi litt om kva de kan gjere:

På førehand har ein forhåpentlegvis arbeida med forståinga av regelverket og rutinar for oppfølging av hendingar slik at det er tydeleg for dei tilsette som er involverte. I teamsmøtet vi hadde, refererte vi til Kari Gusfre frå Læringsmiljøsenderet i Stavanger sin podcast – “Vaksne som mobbar egne elevar”. I podcasten finn de tips til korleis ein kan arbeide med krenkingar, både mellom elevar og mellom elevar og vaksne, og korleis redusere det skadepotensialet som ligg i mobbing og krenkingar ved å anerkjenne eleven si oppleving.

Videre er det viktig å undersøke og vurdere om hendinga, objektivt sett, er ei krenking eller ikkje etter lovverket. Ein må også finne ut om dette har gjort skulemiljøet til eleven utrygt, og då setje inn tiltak for å betre dette.

Dersom ein mistenker at det har skjedd ei krenking frå ein vaksen på skulen, må ein vurdere om det objektivt sett er ei krenking som skal meldast vidare til rektor. Rektor kan gjere ei kort undersøking av saka for å finne ut om meldinga er openbert grunnlaus. Viss den ikkje er det, skal det meldast vidare til skuleeigar. Det skal ikkje vere ein høg terskel for å melde frå verken til rektor eller skuleeigar.

Oppi dette må ein og ivareta den tilsette sine rettigheter. Ei melding til skuleeigar er ikkje ein endeleg avgjerd om at meldinga er korrekt eller at ein har tatt stilling til om det har skjedd ei

krenking eller ikkje. Det betyr berre at ein skal undersøke vidare. Rett til å uttale seg i saka for den tilsette vil henge saman med denne undersøkinga.

Læringsmiljøsentret: [Episode 18 – Vaksne som mobbar egne elever](#)

UDIR: [Rundskriv om skolemiljø](#)

Kva for gode tiltak har det blitt gjort for å at foreldregruppa (FAU) skal involverast og bidra til eit godt klasse/skolemiljø?

I teamsmøte refererte vi til Foreldreutvalet for grunnopplæringa. Dei trekk fram Kviltorp skule i Molde som eit døme til etterfølging, og har meir om dette på sine sider.

FUG: [Sitter du i FAU? Da kan du finne gull her - Foreldreutvalget for grunnopplæringen](#)

Det er interessant å få ei avklaring på kor langt skulen sitt ansvarsområde går i tilfelle der årsak til manglande tryggleik ikkje ligg i sjølve skolemiljøet, men i eleven sin heimesituasjon eller t.d. helsesituasjon. Dette kan t.d. gjelde born med separasjonsangst.

Viss ein elev har høgt skulefråvær må skulen undersøke kva grunnen til dette er, og finne ut kva ein kan gjere for at det skal vere mogleg for eleven å komme tilbake til skulen. Her legg ein eleven sin subjektive oppleving til grunn. Frå forarbeida til opplæringslova kan ein lese at dersom årsaka til at ein elev opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, er forhold utanfor skoletida og skoleområdet, vil skolen ha meir avgrensa moglegheit til å rette opp dette. Men skolen skal så langt det finst eigna tiltak sørge for at retten eleven har etter § 12-2, blir oppfylt.

Dersom årsaka til at eleven opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, er forhold utanfor skolen, må skolen likevel søkje etter alle eigna måtar å hjelpe eleven på. Dette kan vere gjennom tiltak som blir sette inn på skolen, men som har effekt utanfor skoletida og skoleområdet. I tillegg må det vurderast om det er andre instansar skolen bør involvere eller varsle, til dømes helse- og omsorgstenesta, barneverntenesta eller den oppsøkjande tenesta i kommunen.

UDIR: [Opplæringslova § 12-4 \(med forarbeid\)](#)

Vi jobber i forhold til mange fraværssaker. Vi er interessert i koblingen mellom §10-6 og kapittel 12. Det er veldig sjelden i skolefraværssaker at det er laget en aktivitetsplan hvis ikke eleven har blitt mobbet. Hvordan ser Statsforvalter for seg denne koblingen og behov for aktivitetsplan?

«Alle som arbeider på skolen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø», jf. opplæringslova § 12-4. Terskelen for å undersøke korleis eleven har det på skolen skal vere låg, og eit høgt skolefråvær vil i seg sjølv vere ein faktor som er eigna til å gi mistanke om at eleven ikkje har det bra på skulen. Skolen må då undersøke skolemiljøet nærmare.

I sakar der eleven ikkje har eit trygt og godt skolemiljø vil det vere naudsynt med grundige undersøkingar for å finne ut kva som ligg til grunn for dette og ein tiltaksplan (tidlegare aktivitetsplan) med eigna tiltak for å rette opp forholda. Dette gjeld og om grunnen til fråværet

ligg utanfor skulen. Sjå svar på spørsmål ovanfor. Det vil og vere eit eige webinar hjå Statsforvaltaren med tema bekymringsfult skulefråvær 2. desember.

Kan dere si noe om ny ordning for Statsforvalters behandling av klager i skolemiljøsaker og erfaringer med dette så langt?

Det er litt tidleg for Statsforvaltaren å kunne sei noko handfast om korleis den nye opplæringslova og kapittel 12 har virka inn på vår sakshandsaming. Dette vil vi kunne sei meir om etter at ordninga har fått virke over ein lengre periode.